



VEDTEKTER FOR RENOVASJONSORDNINGA

SANDØY KOMMUNE

LOVGRUNNLAG

Lov om vern mot forureiningar og om avfall §§ 30 og 34.

§ 1 Område

Vedtektene gjeld for **Sandøy og Ona** i Sandøy kommune.

§ 2 Type eigedommar

Vedtektene gjeld for alle bebygde eigedommar som blir nytta til bustad og fritidsbustad..

§ 3 Oppsamlingsutstyr

Det blir sett ut felles avfallsdunkar på 2 plassar på Sandøya , 1 på Ona og 1 på Husøya. Hushaldningane og brukarane av fritidshus må sjølv bringe hushaldningsavfallet til desse dunkane. På kvar plass blir det sett ut 1 dunk for papir og 1 dunk for restavfall.

§ 4 Type ordning

Ordninga er tvungen og gjeld hushaldningsavfall. Hushaldningane kan levere gebyrfritt EE avfall og farleg avfall (tidlegare spesialavfall) i samband med 1 årleg aksjon, eller på miljøstasjonen i Breivika.

§ 6 Avfall som kan leverast

I oppsamlingsdunkane skal det berre leggest den type avfall som dunken er tenkt til. Orientering om type avfall vil bli gitt i særskild orientering.

I dunkane må det ikkje leggest flytande avfall, større metallgjenstandar, varm aske, stein, jord, eksplosive, sjølv-tennelege / etsande stoff eller medisinrestar.

§ 7 Gebyr

For renovasjon betalar kvar huseigar eit fast årleg gebyr fastsett av kommunestyret (heilt gebyr).

Hushaldningsabonnentane betalar	80 % av heilt gebyr
Hushaldningsabonn. med kompost	60 % av heilt gebyr
Fritidsabonnentane	40 % av heilt gebyr.

Rådmannen fastset gebyrsatsar for næringskundar etter kva type teneste dei vel å abonnere på. Gebyr blir krevd inn på etterskot kvart kvartal.

§ 8 Endring av avgiftsgrunnlag

Huseigar skal melde frå til teknisk etat dersom det blir flytta frå huset/husværet i lenger tid og det ikkje lenger er bruk for å vere med i renovasjonsordninga. Oppseiinga kan ikkje gjelde for kortare tid enn eit halvt år for bustadhus og 1 år for fritidsbustad. Oppseiinga skal vere skriftleg og gjeld frå den første i mnd. etter motteken oppseiing. Huseigar pliktar å melde frå ved alle endringar i bruken av bygget.

§ 9 Næringsavfall

Private og offentlege verksemder kan knyte seg til ordninga etter avtale med kommunen

§ 9 Unntak

Rådmannen kan i særlege høve gjere unntak frå desse vedtektene.

§10 Klage

Vedtak etter denne vedtekta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klageorgan er kommunen si klagenemnd.

§ 11 Vedtak

Denne vedtekta gjeld frå 01.06.05